

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 Oslo
tlf. 22 54 19 69
e-post: post@spraakradet.no

MØTEPROTOKOLL FOR KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER
ETTER LOV 18. MAI 1990 NR. 11 OM STADNAMN, § 12

Klagesak 14/2020

Klagar: Kommunen og grunneigarar

Namn: *Skåmedal* eller *Skomedal*

Namnetype: Gards-, bruks-, natur- og seternamn

Det påklaga vedtaket gjort av: Kartverket, jf. § 7 tredje ledd

Leiar i klagenemnda: Marit Halvorsen

Øvrige medlemmer: Kristin Bakken, Eldar Heide, Gunnar Andenes, Astrid Fuglås

Kort saksframstilling

Kartverket gjorde 21. august 2019 vedtak om skrivemåten *Skåmedal* for eit gards- og bruksnamn og forleddet *Skåm(e)*- i fleire andre stadnamn i Bygland kommune. Vedtaket blei gjort i samsvar med nedervd lokal uttale. Vedtaket blei påklaga av kommunen og fleire grunneigarar, som ønskte skrivemåte med -o-. Klagarane viste til at det er ein sterk skrifttradisjon for skrivemåten med -o-, og at denne skrivemåten er vel kjend og innarbeidd, slik at unntaksregelen i § 4 må vere avgjerande i denne saka. Etter ny høyringsrunde stod Kartverket ved sitt vedtak. Unntaksregelen i § 4 blei vurdert, men Kartverket meinte at ein skrivemåte med -o- kan føre til endring av uttalen, slik at unntaksregelen ikkje kjem til bruk i denne saka. Saka er difor send til klagenemnda.

Nemndas vurderingar

Nemnda la vekt på at uttalen av namnet er eintydig, og at skrifttradisjonen er delt. Namnet blei i norrønt skrive med lang a (á), ein lyd som i moderne norsk skriftspråk har blitt til å. Nemnda meinte at ein skrivemåte *Skomedal* vil kunne føre til ein endra uttale av namnet. Nemnda fann difor at det ikkje er sterke nok argument for skrivemåten med -o-, og gjekk einstemmig inn for skrivemåten *Skåmedal*.